Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord.

Emne: Ting til lægedom og vern mot sykdom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Fårvik.

Gard: Hamra

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr. 56 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ringer.

1. Folk har brukt ringar til vern mot sjukdomar. Det var mot gikt dei brukte desse ringane. Det var på fingrane dei hadde desse ringane.

3. Har ikkje høyrt korleis ein fekk kjenskap til desse ringane. Men eg høyrde folk tala om giktringar då eg var i oppvokstetiden. seinare har eg ikkje høyrt nokon nemt dei, so no har få kjenskap til desse ringane her i bygda.

Bjørn Hovra 70 år gamal trudde at ein kjøpte dei i byen og at kråmkarar selde dei. Prisen hugsar ein ikkje no lenger.

Har ikkje høyrt at nokon lånte ringane.

2. Ringane var glatte som giftringar. Dei var visst av mässing utan på og so var

10556

di av eit anna metal inni.
Truleg av ten. Har ikkje høyrt
at ringane var av jern.
Folk skalla di for gikt-
ringar so det er truleg at
ordet giktring var rissa inn i
ringane.
Har ikkje høyrt at ein kalla
di for elektrisk giktring.
4. Ein kjenner ikkje til
serleg elektriske ringar her.
5. Folk hadde ikkje større
ringar som dei smøygde om foten
eller på armane eller rundt livet.
B. Armbånd.
Har ikkje høyrt
at ein her hadde ymse kjedor
eller band rundt armen mot
gikt og andre sjukdomar.
9. a. Har ikkje høyrt at ein
bar små ting på ei snor
rundt halsen mot gikt eller
andre sjukdomar
10. Ein kjenner ikkje til
breide belte av kåpar og
sinkplater med filt i millom
som vart lagd i edik og sidan
båret på bare hud mot gikt
og andre sjukdomar.
13. Har ikkje høyrt at nokon
la armband eller hengesmykker
i edik.
E. Øyreringer.
Her er ikkje tradisjon
att, om at nokon brukte øyreringar her.

10556

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING